



**Viser til innlegg på Uskedalssida 10.06.15 om utføringa av asfalteringsarbeidet på fylkesvegen opp dalen i Uskedalen.
For eigen del og for andre bebuarar eg har snakka med heroppe i dalen, så har det IKKJE 'gått smidig og greit'.**

Det vart fleire dagar på førehand sett opp skilt som varsla INNTIL 1/2 time stenging av vegen. Og det er sjølsagt greitt, og vegen trong absolutt å bli rusta opp!

Men når vi allereie første dagen med asfaltarbeid måtte venta i over ein time til tross for at varslinga sa ein halv time, så er det ikkje lenger greit. Når vi heller ikkje får levert posten, så er det absolutt ikkje greit. Vi har vore tre dagar utan postlevering denne veka!

Eg tok på onsdag kontakt med den som er ansvarleg for dekke på fylkesvegane, Per Frydenbø Knutsen, og han ville kontakte asfalteringsfirmaet for å ta opp med dei at vegen ikkje kunne stengast lenger enn det dei hadde varsla.

Neste dag så veit eg ikkje kor lange stengingsperiodar der var il øpet av dagen, men sjølv venta eg då berre 25 minutt.

Men så på fredagen då var det heilt gale, då stengde dei vegen heile dagen fram til kl 14 !

Dagen før hadde foreldre her oppe i dalen snakka med asfalteringsarbeidarane, for å avtale korleis dei skulle gjere det i høve skulebarna neste dag (dei byrja seinare på skulen pga dronningbesøket i Rosendal). Dei fekk då ein avtale med arbeidarane om at dei kunne kome kl 0915 neste dag, så skulle dei få kome forbi. Men når dei då kom, så fekk dei beskjed om at vegen ville vere stengt fram til kl 14.00 og dei kunne såleis ikkje kome forbi. Foreldra måtte då i all hast 'snu seg rundt' og få hjelp nedanfrå dalen til å hente ungene nedanfor der det var stengt.

Det er slik, at når vi har kun ei vegbane, og om trafikkdirigertane seier at der heldigvis er 'liten trafikk', så har 'vi få' like naudsynte ærend som andre. Og ei stenging er ok når vi får vite om det og såleis får høve til å organisere

avtalane vi har i høve jobb, skule, helse, møte m.v. Men når asfalteringsfirmaet berre 'køyrer på' - UTAN å planlegge kva tid vi skal få passere, så kan dette ha store konsekvensar for mange. Økonomisk så vil det sikkert lønne seg (på kort sikt) for firmaet å ikkje stoppe opp for ofte, men det syner at dei ikkje er etterrettlege - og det er ikkje så lurt (på lengre sikt).

No har dei heldigvis kome nedanfor kryssen på Haugland - og vi har då eit valg kvar vi skal køyre. Så neste veke får vi sikkert posten som vi skal, vi kan kome på jobb til rett tid og vi kan halde andre avtalar som vi har.

Helsing Møyfrid Kristoffersen

Foto: Ola Matti Mathisen

Nett: H.O.Østebø